

| Arkiv | Saksbehandlar | Møtedato | Sak nr. |
|-------|---------------|----------|---------|
| 011.1 | Knut Øyjordet | 20.11.19 | 38/19   |

## VAL AV MEDLEM I FAGLEG RÅDGJEVANDE UTVAL FOR NASJONALPARKSTYRET FOR JOTUNHEIMEN OG UTLADALEN

### *Saksutgreiing:*

I medhald av pkt. 9 i "Vedtekter for nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen" skal det etablerast eit fagleg rådgjevande utval for nasjonalparkstyret. Utvalet skal bistå styret med lokalkunnskap og informasjon om ulike brukarinteresser innan verneområdet.

Nasjonalparkstyret fatta følgjande vedtak i 2015 om samansetnad:

- To repr. frå kvar av kommunane (Luster, Lom, Vang, Vågå og Årdal).
- To repr. kvar frå DNT Oslo og Omegn, Forum for Natur og Friluftsliv både i Oppland og i Sogn og Fjordane.
- Ein repr. frå kvar av desse: Norsk Fjellmuseum, Utladalen Naturhus, Visit Sognefjord, Nasjonalparkriket Reiseliv, Valdres Destinasjon og Villreinnemnda for Sogn og Fjordane.

Kommunane er bede om oppnemning av to representantar, der minst den eine også skal vera grunneigarrepresentant (medlem av fjellstyret eller sameige). I brev frå nasjonalparkstyret til kommunane står det at det vil vera naturleg at fjellstyra sjølve peikar ut sin representant. Fjelloppsynet blir innkalla som observatørar når det fagleg rådgjevande utvalet har sitt årlege møte på hausten. I perioden 2015-2019 var Ketil Gutubø vald til å representere fjellstyret i det fagleg rådgjevande utvalet, og med Lisbeth Øygarden som varamedlem. Den andre representanten frå kommunen var Pål Grev.

### **Vedtak:**

Samrøystes: I fjellstyreperioden 2019-2023 er Pål Grev med Gunn Berit Aasheim som varamedlem valde til å representere fjellstyret i fagleg rådgjevande utval for nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen.

*Rett utskrift. Går til:*

Vågå kommune

Vågåmo, 21.11.19

Knut Øyjordet (e.f)